

## ÅRSMELDING 2002-SESONGEN – KEIPEN TURLAG

I år er det halde 2 **styremøte**. Den 07.01.02 hjå Dagrunn Briksdal på Kjelkenes vart det sett opp eitt nytt budsjett for 2002 pga tilbakemelding av medlemstalet frå DNT; det andre møte var på Trudvang den 23.10.02, der hovudpunktet var å forberede årsmøtet i november 2002.

**Turaktivitetane** hadde ein veldig god oppslutning. Det er vel det nydelege veret i 2002 - og sikkert dei flotte mål - å skulde at turlaget fekk 251 deltakarar med seg ut i naturen. Det betyr ei auke på ca. 90 personar mot føråret. Dette er eitt veldig bra resultat.

Ski-og fotturar			Onsdagsturar			
	Indre og Ytre Brem.	delt.	Indre Brem.	delt.	Ytre Brem.	delt.
Planlagt:	10		13		20	
Gjennomført:	5	43	11	168	10	40
Avlyst pga ver:	5		2		10	
Sum deltakarar:		251				

cirka-tal frå Ytre Bremanger

Dei fleste deltakarane stilte opp ved vår- og haustope på Moldahytta og ope hus på Knekkevasshytta:

vårpe Moldahytta                    56 pers.

ope hus Knekkevasshytta        30 pers.

haustope Moldahytta            32 pers.

Desse 3 arrangement kan reknast som stor suksess. Det varme vår-, sommar- OG haustver hjalp sikkert betydeleg til!

Til tross for regnver den 7. juli 02 kunne Gunnar Skjølberg gjennomføre turen med 16 deltakarane på Hornelen som var Keipen Turlag sin markeringstur for **det internasjonale Fjellenes År 2002**. Dessutan representerte han Keipen Turlag i eitt NRK-interju i høve Fjellenes År 2002.

**Medlemstalet** har gått ned om 4 pers. frå 78 til 74, dette tilsvarar ein reduksjon om 5,1 %.

Turlaget fekk **midlar** frå kulturseksjonen i **Bremanger kommune** og frå **Sparebanken Flora-Bremanger** det vi takker for. I framtida blir fordelinga av midlar frå kommunen underlagt skulane.

Arbeidet med det **nye turkartet** stagnerer no for tida. Vestkysten Reiseliv AS skal utarbeide ein ny tekst. Forhåpentlegvis blir kartet ferdig til sesongen 2003.

**Turrutane** Svarstad-Vetvika og Aurebrekka-Gulestøa er fortsatt på planleggings-stadiet.

Varamedlem Oddmund Leirvik og kasserer Dagrunn Briksdal vart utsendt til **årsmøte for Sogn og Fjordane Turlag** på Heimevernets møtelokalar på Skei 19.01.02. Oddmund vart valt som medlem i valnemnda.

#### Nye utviklingar og prosjekter som turlaget er involvert i:

- Oddmund Leirvik har samarbeid med **Bremanger eldreråd**.
- For **Svelgen Motorklubb** vart det starta opp planarbeid med sikte på å utarbeide reguleringsplan for **motorsportbane ved Svelgsvatnet**. Området er ca. 80 dekar, Elkem ASA er eigar av området. Planlagte korthaldskyttebane som er under opparbeiding vil inngå i reguleringsplanen.
- Det kom melding om oppstart av planarbeidet for **Ålfotbreen landskapsverneområde**. Varamedlem og leiaren deltok i folkemøte 24.01.02 i Ålfoten der Tore Larsen frå Fylkesmannen informerte om planane. Sogn og Fjordane Turlag kom med eitt forslag om utviding av arealet. Lokal høyring skal vere mellom sept. og des. 2002. Dato er ikkje fastsett.
- Varsel om oppstart av **arealdelen av Kommunedelplanen**. I arealdelen skal hovudtrekka i utnyttinga av areala og dei andre naturressursane fastleggast. Framdrift for arbeidet er at planen skal godkjennast av kommunestyret innan utgangen av 2003.
- Hovudrullering av **kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv**. Dette er Bremanger Kommune sin plan for utbygging, vedlikehald og tilrettelegging for alle former for idrett, fysisk aktivitet og friluftslivet. Det er på bakgrunn av denne planen kommunen prioriterer utbygging av anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet i dei neste 4 åra. Samstundes er ein vedteken kommunedelplan ein føresetnad for å søkje om spelemidlar / statlege tilskott til aktivitet og friluftsliv. Turlaget, dvs. Oddmund Leirvik, er med i oppvekst- og kulturutvalet. Neste møte blir i januar 2003.

#### **HYTTEVEDLIKEHALD SAMT TURSTIARBEIDER**

Arbeidet ved Moldahytta starta på vinteren. Tor Zachariassen og Oddmund Leirvik gjekk mange skiturar til Moldahytta og arbeidet med vedlikehald.

1. Malt dørene inne i hytta.
2. Malt taket i kjøkkenet.
3. Reparert og malt kjøkkenskapane, dels tre strøk.

4. Reparert og pussa brannmurane og skorsteinen.
5. Lagt kobberplater under begge ømnane samt pussar ømnane.
6. Montert flaggstang ved hytta, samt pussa og malt flaggstangstativet.
7. Beisa, dvs. brukt opp resten av rødbeisen, samt flikka og malt diverse vinduslister utvendig med kvitmaling.
8. Tømt og rensa vassbrunnen v. hytta.
9. Brubygging over elva mellom Langevatnet og Løkkevatnet i juni og juli. Hjelp og helikoptertransport ved Elkem Kraft-Bremanger.  
Forskjellige stiarbeider og plankelegging over diverse blautmyrer er utført.
10. I august har vi understøtta, og prøvd å berge den gamle "klenodiske" brua ved Ivarvatnet. Brua var etter det vi trur bygd av Ragnvald Rise i tida rundt 1920. No ligg den nokre år til.
11. I august fortsette vi også med bygginga av brua over Langevasselva. Brua blei eit "stort" prosjekt for oss, men den 28. august var vi ferdige, og fekk rydda opp etter oss. Den ivrige arbeidsgjengen kalte seg A/S Maroder, og besto av Rolf Stave, Leif Valberg, Tor Zakariasen og Oddmund Leirvik.  
Olga Årsnes var med på første arbeidsturen som bærer og som fotograf.

Rapport frå Oddmund Leirvik.

Turlaget seier stor **TAKK** til alle som var involvert i dette arbeid.

Leiaren **takker for all innsats av medlema** i turåret 2002.

Især vil eg takke Oddmund Leirvik for alle lærerike samtaler og sin utrøttelige tilstedeverelse då eg var forhindra på grunn av sjukdom.

Regina Kettler